



Karmøy kommune
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar
Elisabeth Groven, 51 56 87 23

Karmøy kommune - Kommunetrappa 2023

Kommuneundersøkinga 2023 – Rogaland

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) sender kvart år ut ei kommuneundersøking. Dette er ei spørjeundersøking om kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Nokre spørsmål er gjennomgåande for kvart år, mens andre spørsmål vil variere frå år til år. Hovudmålet med undersøkinga er å sjekke status for kommunane sitt arbeid med krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Statsforvaltaren har vurdert eigenrapporteringa til kommunane opp mot eigne tilsyn og rangert kommunane i «Kommunetrappa».

Resultata blir framstilte gjennom ulike trappetrinn og fargekodar (frå raud til grøn) som indikerer kor godt kommunane arbeider med samfunnstryggleik. Formålet med kommunetrappa er å gi eit visuelt bilet av korleis status er på samfunnstryggleiksarbeidet i kommunen frå år til år – og korleis resultatet er samanlikna med andre kommunar i Rogaland.

Kommunetrappa vart første gong publisert i 2019 og Statsforvaltaren har fått positive tilbakemeldingar på dette arbeidet. Me ser at det har vore ein nedgang for kommunane i Rogaland frå 2022 til 2023. Tre kommunar ender i raud sone og ein i mørke raud.

Alle kommunane har svart på undersøkinga i 2023, noko som gir eit godt grunnlag for å samanlikne resultat og vurdere utviklinga vidare.

Med dette brevet vil Statsforvaltaren gi ei generell tilbakemelding til alle kommunar i Rogaland og til den enkelte kommune spesielt.

Me gjer merksam på at det kan vere feil i DSB eller Statsforvaltaren sine registreringar, men me meiner likevel at kommunetrappa er eit nyttig verktøy og hjelpemiddel, både for kommunane og Statsforvaltaren i det vidare arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.



Kommuneundersøkinga – Generelt om Rogaland

- Alle kommunane i Rogaland (22 av 22) har svart på kommuneundersøkinga i 2023. Dette er ein særskilt høg svarprosent og gir eit godt grunnlag for å kunne samanlikne resultata.
- Totalt er det mogleg for ein kommune å oppnå 40 poeng på kommunetrappa. For å hamne i mørkegrøn sone (svært høgt nivå) må ein ha mellom 38,9 og 40 poeng. To kommunar hamnar i mørkegrøn sone i 2023. Det er to færre enn fjoråret.
- Åtte kommunar hamnar i lysegrøn sone (høgt nivå). Åtte kommunar hamnar i gul sone (middels høgt nivå), ein kommune hamnar i oransje sone (middels lågt nivå) og tre kommunar hamnar i raud sone (lågt nivå). Ein kommune hamnar i mørkeraud sone (svært lågt nivå).
- Resultata frå 2023 viser at tre kommunar får betre resultat, mens tolv får dårligare resultat enn i 2022. Åtte kommunar ligg på same nivå som sist.
- Gjennomsnittleg poengsum har gått ned frå 35,27 poeng i 2022 til 32,04 poeng i 2023
- I fjor hadde fleire tatt grep og oppdatert beredskapsplanane sine. Me ser at dette arbeidet ikkje har haldt fram i år. I fjor var det berre 17 prosent av kommunane som ikkje hadde oppdatert og revidert beredskapsplanen det siste året. I år er det 48 prosent som ikkje har oppdatert og revidert. Det er ei utvikling i feil retning. Statsforvaltaren minner om at kommunane har plikt til å oppdatere og revidere overordna beredskapsplan årleg, jf. Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 6.
- I 2023 vart det gjennomført fire tilsyn.

Årstalet:	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Gjennomsnitt:	31,86	31,83	34,78	34,45	35,27	32,04



Kommuneundersøkinga – Karmøy kommune


Karmøy kommune har i 2023 oppnådd eit resultat på 36,5 av 40 moglege poeng. Dette er ein liten nedgang frå i fjor. Følgjande svar er registrerte for Karmøy kommune i 2020, 2021, 2022 og 2023:

	Karmøy 2020	Poeng 2020	Karmøy 2021	Poeng 2021	Karmøy 2022	Poeng 2022	Karmøy 2023	Poeng 2023	Mulige poeng
Helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse									
1 Har kommunen en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse?	1	4	1	4	1	4	1	4	4
2 Er analysen forankret i kommunestyret?	1	2	1	2	1	2	1	2	2
3 Omfatter analysen eksisterende og fremtidige risiko- og sårbarhetsfaktorer?	1	1	1	1	1	1	1	1	1
4 Omfatter analysen risiko- og sårbarhet utenfor kommunens geografiske område som kan ha betydning for kommunen?	1	1	1	1	1	1	1	1	1
5 Omfatter analysen særlige utfordringer knyttet til kritiske samfunnsfunksjoner og tap av kritisk infrastruktur?	1	2	1	2	1	2,5	1	2,5	2,5
6 Har kommunen i sin helhetlige ROS vurdert sin evne til å opprettholde krisledelse ved uønskede hendelser?	1	0,5	1	0,5	1	0,5	1	0,5	0,5
7 Har kommunen i sin helhetlige ROS vurdert sin evne til å opprettholde helse- og omsorgstjenester ved uønskede hendelser?	1	0,5	1	0,5	1	0,5	1	0,5	0,5
8 Har kommunen i sin helhetlige ROS vurdert sin evne til å opprettholde brann- og redningstjenester ved uønskede hendelser?	0,5	0,25	1	0,5	0	0	1	0,5	0,5
9 Har kommunen i sin helhetlige ROS vurdert sin evne til å opprettholde vann og avløpstjenester ved uønskede hendelser?	0,5	0,25	1	0,5	1	0,5	1	0,5	0,5
10 Er relevante offentlige og private aktører invitert med i arbeidet med utarbeidelse av risiko- og sårbarhetsanalysen?	1	2,5	1	2,5	0	0	0	0	0
11 Avvik	0	0	0	0	0	0	0	0	-4
Helhetlig og systematisk samfunnssikkerhets- og beredskapsarbeid									
12 Har kommunen utarbeidet mål for arbeidet med samfunnssikkerhet og beredskap?	1	2	1	2	1	2	1	2	2
13 Har kommunen utarbeidet plan for oppfølging av samfunnssikkerhet- og beredskapsarbeidet?	1	2	1	2	1	3	1	3	3
14 Er planen for oppfølging av samfunnssikkerhet og beredskap forankret i kommunestyret?	0	0	0	0	0	0	0	0	0
15 Er kommunens arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap integrert i en eller flere planer etter plan- og bygningsloven?	1	2	1	2	1	3	0,5	1,5	3
16 Avvik	0	0	0	0	0	0	0	0	-2
Oppdatering/revisjon									
17 Er analysen oppdatert de siste 4 år og/eller ved endring av risiko- eller sårbarhetsbildet i kommunen?	1	2	1	2	1	2	1	2	2
18 Avvik	0	0	0	0	0	0	0	0	-0,5
Beredskapsplan									
19 Har kommunen en overordnet beredskapsplan?	1	4	1	4	1	4	1	4	4
20 sårbarhetsanalysen?	1	1	1	1	1	1	1	1	1
21 Er beredskapsplanen forankret i kommunestyret?	1	1	1	1	1	1	1	1	1
22 Definerer planen ansvar, roller, fullmakter for kommunens krisledelse?	1	1	1	1	1	1	1	1	1
23 Inneholder planen en varslingsliste over aktører som har en rolle i kommunens krisehåndtering?	1	1	1	1	1	1	1	1	1
24 Inneholder beredskapsplanen en ressurssoversikt med opplysninger om hvilke ressurser kommunen selv har til rådighet og hvilke ressurser som er tilgjengelige hos andre aktører ved uønskede hendelser?	0	0	1	1	1	1	1	1	1
25 Inneholder beredskapsplanen evalueringssplaner basert på den helhetlige risiko- og sårbarhetsanalyesen?	1	1	1	1	1	1	1	1	1
26 Inneholder beredskapsplanen en plan for krisekommunikasjon med befolkningen, media og egne ansatte?	1	1	1	1	1	1	1	1	1
27 Avvik	0	0	0	0	0	0	0	0	-3
Oppdatering/revisjon									
28 Er beredskapsplanen oppdatert og revisert siste år?	1	2	1	2	1	2	0	0	2
29 Avvik	0	0	0	0	0	0	0	0	-0,5
Øvelser og oppplaring									
30 Er beredskapsplanen øvet de siste 4 år?	1	0,5	1	0,5	1	0,5	1	0,5	0,5
31 Er beredskapsplanen øvet de siste 2 år? (iht forskrift)	1	2	1	2	1	2	1	2	2
32 Avvik	0	0	0	0	0	0	0	0	-1
Evaluering etter øvelser og uønskede hendelser									
33 Avvik	0	0	0	0	0	0	0	0	-1
Annet									
34 Fylkesmannen vurdering av CIM-bruk	1	1	1	1	1	2	1	2	2
35 Bruker kommunen CIM for å kommunisere med andre aktører under hendelser for å etablere en samlet situasjonsforståelse?	1	1	1	1	1	1	1	1	0
Total avvik		0		0		0			-12
Total score (uten avvik)		38,5		40		39,5		36,5	40
Total score		38,5		40		39,5		36,5	40



Kommunetrappa – Karmøy kommune

Med bakgrunn i svara i kommuneundersøkinga og eventuelle avvik avdekka av Statsforvaltaren i Rogaland, vil kommunetrappa for Karmøy kommune 2020, 2021, 2022, og 2023 sjå slik ut:



Statsforvaltarens kommentar til kommunetrappa 2023 for Karmøy kommune:

- Med 36,5 av 40 moglege poeng, hamner Karmøy i lysegrøn sone i år.
- Totalt sett gjer Karmøy ein god jobb med samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet i kommunen. Vi håpar det gode arbeidet fortsett.
- Statsforvaltaren har ikkje kommentarar utover det som kommunen har sjølvrapport.
- Vår anbefaling er at kommunen sett søkelys på å lukke dei rapporterte avvika i tida framover.

Dersom kommunen ønsker rettleiing i det vidare arbeidet, er det berre å ta kontakt med oss. Det same gjeld om de har spørsmål knyta til kommunetrappa eller oppfølginga av denne.

Med helsing

Reidar Johnsen (e.f.)
fylkesberedskapssjef

Elisabeth Groven
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent